

# Utovervendt blick i ei innovervend tid

---

## Tiltak

---

### Beskriv tiltaket

---

Tiltakstittel	Utovervendt blick i ei innovervend tid
Tiltaksmål	Med forpliktande partnarsskap, lokale arrangement, auka kompetanse, oppsøkande litteraturformidling og digitale vegar til litteraturen, skal biblioteksektoren i nye Vestland fylke samlast og styrkast.

# Utovervendt blikk i ei innovervendt tid

## Tiltaksbeskrivelse

Det er planlagt tiltak innan tre område:

1. Aktiv litteraturformidling med vekt på å spreie kunnskap og litteratur til fleire
2. Aktualisere og utforske metodar for litteraturformidling for å nå nye lesarar og auke utlån i biblioteka
3. Styrke fagmiljøet og auke kompetansen til bibliotektilsette og andre som driv litteraturformidling

### Skildring av tiltak

Vestland fylke er ein realitet, to fylke har blitt til eitt og 59 kommunar er blitt til 43. Forskjellane mellom kommunane har auka, tal på innbyggjarar varierer mellom 382 til nærare 40 000 (utanom Bergen). Det er viktig å støtte opp for fullverdige og gode bibliotektenester i utkantane, så vel som i tettbygde strøk. Det er ei tid for interne prosessar, nye organisasjonar skal sette seg. Men ein må løfte blikket og arbeide vidare med målretta og langsiktig innsats for leselest og utvikling av lesekompetanse. Ambisjonen til Seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune er å utvikle ein regional bibliotekpolitikk som støttar og utviklar infrastruktur, er innovativ, utjamnar forskjellar mellom bibliotek og legg grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk.

Viktige kjerneområde for biblioteka er litteraturformidling og å vere ein møteplass for alle. Bibliotektilsette sit på kunnskap om formidling av litteratur og bibliotekets tilbod, og har lokal kjennskap til brukargrupper. Dette må ein nytte fullt ut i eit samfunn i stadig utvikling. Då treng bibliotektilsette fagleg påfyll og inspirasjon, nye impulsar og verktøy til å skape varige samarbeidspartar og levande lokalsamfunn. Vi vil forankre biblioteka i kommunane og gi dei ein ny start i ei ny tid, med vekt på samarbeid mellom biblioteka og andre, tilbod om kompetanseheving, tilrettelagte turnear og annan aktivitet.

Dei tre områda vi har med i tiltaksplanen, er aktivitetar som har fungert og som vi vil styrke, og nye idear som har potensiale til å nå fleire og nye brukarar. Planlagt aktivitet når både barn, ungdom og vaksne, både erfarne bibliotekbrukarar og nye, i tillegg til bibliotek, lærarar og litteraturformidlarar som er mellom bøkene og menneska. Samla vil det auke formidlinga i og utanfor biblioteket, og slik stimulere til lesing.

### Tiltak

1. Tilby litteraturformidling med vekt på å spreie kunnskap og litteratur til fleire.

1.1 Programseriar og turnear organiserte og koordinerte på regionalt nivå er kjærkomne for biblioteka, som eit supplement til eiga arrangementsverksemd. Turneplanlegging på vegne av fleire samlar ressursar, og sparar både tid og pengar. Vi vil utvikle temabaserte turnear for bibliotek som gir breidde og variasjon i arrangementstilbodet med tema som klima og miljø, mental helse, mangfald og inkludering. Tilbod i samband med Bokåret revitaliserte dei minste biblioteka og nådde nye brukarar, m.a. gjennom besøk av godt kjende forfattarar. Vi vil få fleire kjende forfattarar og gi litterære opplevingar til små kommunar, som ikkje har økonomi til å skaffe seg dei store forfattarnamna på eiga hand. Ferdigsydde opplegg skal krevje lite førearbeid og vere enkle for biblioteka å gjennomføre. Målgruppe: vaksne, unge.

1.2 Saman med Teater Vestland (tidlegare Sogn og Fjordane teater) og folkebiblioteka skal vi utvikle nynorske litteraturframsyningar for barn og unge, som kan formidlast på lokale bibliotek, til dømes i samband med den årlige Sommarles-kampanjen. Biblioteka har etterlyst gode, kvalitetssikra og enkle sceneproduksjonar, som kan spelast på små og mellomstore arenaer. Gjennom tett samarbeid med bibliotek som litteraturkjennarar, med kunnskap om ny litteratur og kva som fengjer, vil ein involvere folkebiblioteka i å velje ut bøker som teateret får i oppdrag å iscenesette for eit barnepublikum. Teateret har ansvar for regi, produksjon og syter for turneplanlegging og gjennomføring av turneen. Målgruppe: barn.

1.3 Tilby arrangement i dei fem nye dagsturhyttene i Hordaland i samarbeid med turlag og kommunar. Dagsturhyttene, med nynorske turbibliotek, er ein stor suksess i den nordlege delen av Vestland fylke, og ordninga vert no utvida til den sørlege delen. Alle dei 33 tidlegare kommunane i Hordaland har fått tilbod om hytte. Målet er at fem hytter skal vere klare i 2020, og vi vil skape litterære hendingar på desse dagsturhyttene. Med støtte frå Nasjonalbiblioteket har vi samla erfaringar og prøvd ut dagsturhytta som bibliotekets formidlingsarena, og dette ønsker vi å bygge vidare på. Det nynorske turbiblioteket og arrangementa på dagsturhyttene har synleggjort biblioteka, gjort litteraturen tilgjengeleg på arenaer utanfor bibliotekrommet, og ein har nådd grupper som ikkje nødvendigvis er storbrukarar av biblioteket. Målgruppe: barn, ungdom og vaksne.

2. Aktualisere og utforske metodar for litteraturformidling for å nå nye lesarar og auke utlån i biblioteka.

2.1 Skape målretta og gjerne digitalt innhald for å hjelpe biblioteka og gi verktøy til nye og erfarne formidlarar i arbeidet sitt, t.d. brosjyrar med forslag til tekstar, leseaktivitetar, digitale kjelder som Bokhylla, og andre ressursar. Målgruppe: bibliotektilsette og litteraturformidlarar.

2.2 Utforske korleis litterært innhald kan formidlast via teknologi. Potensialet som ligg i nye former for formidling er viktig for å nå nye lesarar. Teknologi kan opne for at biblioteka kan formidle litteraturen også utanfor bibliotekrommet. Smarte høgtalarar eller nettbrett kan plasserast på lokale stader eller lånast ut til institusjonar, t.d. kan det vere diktopplesing av Jakob Sande på den lokale nærbutikken, eller lokalhistoriske kjelder kan formidlast på den lokale eldreheimen. Målgruppe: vaksne og eldre.

2.3 Kople litteratur saman med digital formidling for å aktivisere nye lesegrupper. Til dømes kan ein attgje bok i spel, som t.d. Minecraft. Ein slik medskapande aktivitet kan brukast for å gje lesarane ei ny forståing og tolking av litteratur. Målgruppe: ungdom.

3. Styrke fagmiljøet og auke kompetansen til bibliotektilsette og andre som driv litteraturformidling.

3.1 Halde fleire desentraliserte kurs og samlingar for å auke kompetansen på formidling og litteratur. I eit samfunn i stadig utvikling, treng alle som jobbar med litteraturformidling fagleg påfyll. Brukarmønster endrar seg og nye formidlingsformer oppstår. Det dreier seg også om å inspirere og skape glød hjå formidlarane. Gjennom samlingar og kurs får vi lagt til rette for auka samarbeid mellom bibliotek og andre krefter i lokalsamfunna som arbeider med litteraturformidling. Det er viktig å pleie og vidareutvikle etablerte ordningar med leseledarar, leseombod, "Shared reading", språkkafear og frivillige. Desse formidlarane møter folk med litteratur og kunnskap i og utanfor bibliotekrommet, og bidreg til å spreie leseglede saman med biblioteka til endå fleire. Målgruppe: bibliotektilsette og litteraturformidlarar.

3.2 Arrangere kurs for biblioteka om korleis få til gode og varige samarbeid lokalt som fremjar litteratur og lesing, med særskilt fokus på nye brukarar. Korleis rekruttere fleire frivillige formidlarar til den oppsøkjande litteraturformidlinga nær der folk bur og oppheld seg. Målgruppe: bibliotektilsette.

3.4 Formidling og samarbeid er tema på Bibliotekdagane for alle biblioteka i Vestland i juni 2020, relevant tema kan vere innlegg om formidling av e-bøker og andre digitale ressursar, og bruk av Sjangerskolen. Målgruppe: bibliotektilsette.

3.5 Arrangere Barnelitterære fagdagar for lærarar, litteraturformidlarar og barne- og ungdomsbibliotekarar med temaet lesing og samarbeid mellom bibliotek, barnehage og skule. Konferansen er eit viktig treffpunkt for å diskutere trender i tida, få fagleg oppdatering, dele erfaringar og etablerer små og store samarbeid på tvers.

## Utovervendt blick i ei innovervendt tid

### Budsjett

#### Inntekter

Søknadsbeløp fra Nasjonalbiblioteket	870000
Beskrivelse annen inntekt	Kommune - eigenandel turnear og kursavgifter
Beløp	150000
Beskrivelse annen inntekt	Eigenandel - prosjektarbeid
Beløp	450000
Inntekter totalt:	1470000

#### Utgifter

Beskrivelse annen utgift	Prosjektarbeid - administrering og organisering
Beløp	450000
Beskrivelse annen utgift	Kompetanseheving: Kurs om samarbeid med frivillige 20 000 Bibliotekdagane 50 000 Børnelitterære fagdagar 50 000 Desentraliserte formidlings- og inspirasjonskurs 100 000 (leseledarar, bibliotektilsette og leseombod)
Beløp	220000
Beskrivelse annen utgift	Kjøpte tenester: Teater Vestland(20 framsyningar) 240 000 Turnear 400 000 Arrangement dagsturhytter 50 000 Digital formidling 50 000
Beløp	740000
Beskrivelse annen utgift	Diverse utgifter: Brosjyre, lesemateriell
Beløp	60000
Utgifter totalt:	1470000

#### Inntekter - utgifter

0

### Søker

#### Institusjonsopplysninger

Kommune- eller fylkesnavn	Vestland fylke
Institusjonsnavn	Seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune
Organisasjonsnummer	821311632
Kontonummer	81110781083
Institusjonens leder	
Fornavn	Ruth
Etternavn	Ørnholt
Er Institusjonens leder kontaktperson for projektet	Ja

### Vedlegg

Vedlegg